

MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Postmottak Lindås kommune

Referanser:

Dykker:

Vår: 14/1655 - 18/37920

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

19.12.2018

Helseverngodkjenning - Knarvik ungdomsskule

Knarvik ungdomsskule utvida arealet med påbygg og ombygging i 2011. I 2017 søkte skulen om ny godkjenning etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*» for 360 elevar.

Ved vurdering av søknad i januar 2018 vart det funne avvik i høve til forskrifa. Skulen kunne ikkje vise til tilfredsstillande areal til 360 elevar (§9), og skulen vart ikkje helseverngodkjent.

Den 27.11.18 sende rektor Morten Olsen Schulstad ny søknad om godkjenning etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*»

➤ Saksutgreiing

Miljøretta helsevern v/Grethe Elin Mjelde møtte på Knarvik ungdomsskule den 12.12.18, for å vurdere om det var grunnlag for å utstede helseverngodkjenning etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*».

Rektor Morten Olsen Schulstad møtte frå verksemda, og einingsleiar eigedom Line Merete Valle frå Lindås kommune.

Det er 340 elevar ved skulen i 2018, og 44 tilsette.

Knarvik ungdomsskule har utvida arealet til elevane ved å ta i bruk Paviljong til spesialrom. Rom som før vart nytta til spesialrom vert nå nytta som undervisningsrom. Skulen har gjennom dette tiltaket fått meir areal, og har oppretta eit ekstra trinn for 9. klasse. Det er nå maks 27 elevar i dei største klasseromma.

• *Heimel*

Folkehelselova, kap. 3 og Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifa "Miljø og helse i skolen" (IS-2073).

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 57 70

Telefaks +47 56 37 50 01

➤ **Vurdering av areal innandørs og utandørs**

Forskrifta har som overordna mål å bidra til eit betre oppvekst- og læringsmiljø i skulen. I formålsparagrafen står det at miljøet skal fremje helse, trivsel og gode og sosiale miljømessige forhold. Miljøet skal også førebygge sjukdom og skade. Føremål med godkjenning er å dokumentere at skulemiljøet og rutinar for miljøarbeid tilfredsstillar desse føremål.

Det er 340 elevar ved skulen i 2018, og frå januar 2019 vil det vere 343 elevar.

Inneareal:

Ved å nytte Paviljong til spesialrom har skulen kunne omgjere spesialrom på skulen til undervisningsrom (vanlege klasserom). Det vart opplyst at det er maksimum 27 elevar i dei største klasseromma. Det er i snitt på 25 elevar i 14 klasserom.

I samråd med rektor og einingsleiar eigedom, vart det vurdert at skulen (ved bruk av Paviljong til spesialrom) har maksimum kapasitet til 350 elevar.

Ved ev. auke i elevtal må det leggast til rette for meir tilleggsareal.

Uteareal:

Ved Knarvik ungdomsskule er uteområdet nær skulebygget fint lagt til rette for elevane.

Anbefalt norm for uteareal er minimum 50 m^2 nettoareal pr. elev inntil 300 elevar + 25 m^2 for kvar elev over 300. Knarvik ungdomsskule har et estimert uteareal på ca. $17\,000 \text{ m}^2$ (vedlegg 2).

Skulen har nok areal, men det er å merke seg at ca. $7\,000 \text{ m}^2$ (skogen) ikkje er lagt til rette for elevane. Skogen må leggast til rette for meir bruk, slik at uteareal kan by på moglegheiter for fysisk aktivitet, sosialt fellesskap, rekreasjon og kvile. Det er viktig at området er oversiktleg, for å unngå uønska situasjonar (mobbing, røyking).

Grusbane attmed er inngjerda. Elevane må ha lett tilgang til arealet, og arealet må vere sikra slik at elevane har tilgang til denne gjennom heile året.

Dersom det er avvik frå skisse (vedlegg 2), må det foretas ny vurdering av skulens uteareal.

Mange ungdomsskuleelevar er innandørs i friminutt. Det er ønskeleg at elevar er ute i friminutta for å dekke behovet for variasjon, fysisk aktivitet samt frisk luft. Det vil og kunne påverke inneklima positivt.

➤ **Oppsummering og vurdering**

For at skulen skal kunne godkjennast etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler*», skal alle krav i forskrifta vere oppfylt. Det er ikkje høve til å gje midlertidig godkjenning eller godkjenning på vilkår.

Definisjonar:

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

Merknad: Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

Vurdering - Syner til vedlegg 1 «Gjennomgang og vurdering».

- Det vart funne 0 avvik og 3 merknadar.

Ved gjennomgang av dokumenter i saka samt synfaring, vurderer Miljøretta helsevern at Knarvik ungdomsskule oppfyller vilkåra for godkjenning for inntil 350 elevar.

- Merknadar (merka med rødt i vedlegg 1; Gjennomgang og vurdering):

1. § 9; Uteområdet;
Skogen må leggast til rette for elevar. Uteareal bør kunne by på moglegheiter for fysisk aktivitet, sosialt fellesskap, rekreasjon og kvile.
Grusbane må vere sikra slik at elevane har tilgang til denne gjennom heile året.
2. § 14; Skulen må utarbeide kriseberedskapsplan for større hendingar.
3. § 21; Støydempande mattar i gangareal i 2. etasje i nybygg må vurderast.
Tiltak for å redusere lydlekkasje mellom «mat og helse» og «arbeidsrom» må vurderast.

Utbetring av merknadar bør utførast, ev. bør merknadar setjas inn i ein handlingsplan.
Miljøretta helsevern ynskjer tilbakemelding på merknadar innan **01.04.19**.

➤ Vedtak

Knarvik ungdomsskule godkjennast med heimel i § 6 i «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» for inntil 350 elevar.

Godkjenning er gitt med bakgrunn i gjennomgang av internkontroll, samt synfaring på skulens inne- og uteområde.

Ved ev. utviding av elevtal, endringar i drift eller bygningsmessige forhold, skal det på førehand søkast om godkjenning. Ved tvil kan man ta kontakt med Miljøretta helsevern.

Med helsing

Terese Folgerø
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingenør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Om klage over vedtak:

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen etter *Forvaltningsloven kap. 6* og *Lov om folkehelsearbeid § 19*.
Klagen skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast kommunen v/Miljøretta helsevern. Frist til å klage er satt til 3 veker frå dette brevs mottaksdato.

Vedlegg 1: Gjennomgang og vurdering

Vedlegg 2: Oversikt over uteområdet

Lenk:

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler

<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/418/Miljo-og-helse-i-skolen-Veileder-til-forskrift-om-miljørettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler-IS-2073.pdf>

Helsedirektoratet; Skolens utearealer – IS-1130

<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/731/Skolens-utearealer-om-behovet-for-arealnormer-og-virkemidler-IS-1130.pdf>

Kopi til:

Hogne Haugsdal

Kristin Moe

Line Merete Valle

Postmottak Lindås kommune

Ørjan Raknes Forthun